

AKTIVITETSPLAN FOR 2023

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Organisatorisk

Medlemmar

Naturen treng ei enno sterkare stemme. Ved utgangen av 2022 var det 855 medlemmar i fylkeslaget, dette er bra. Men, vi vil i 2023 drive målmedviten rekruttering for å auke medlemstalet, ved å gjennomføre rekrutteringsplan med m.a. «Verv ein venn»-kampanje, samt fylgjande aktivitetar:

- Lage og gjennomføre rekrutteringsplan for nye medlemmar, saman med lokallaga.
- Synleggjere Naturvernforbundet i dei store miljøsakene som pregar vår del av fylket.
- Tilrettelegge for god og auka aktivitet i våre fire lokallag.
- Inkludere Natur og Ungdom i saker og samarbeid.
- Tilrettelegge for arrangement som synleggjer oss, samt være ein god medspelar for nærmiljøa og andre organisasjonar i miljø saker.
- Oppdatere nettsida og våre sosiale media kontinuerleg.
- Vere aktive og synlege i media.
- NaTur-arrangement med fagleg guide, klesbyttarrangement og andre arrangement i samarbeid med lokallaga, som kan auke naturglede, kunnskap og medvit om natur og rekruttere nye frivillige og medlemmer.

Økonomi

Målet er å få inn nok driftsmidlar til å gjennomføre aktivtetsplanen, som utover frivillig innsats er basert på fast tilsett fylkessekretær 100% stilling, prosjektkoordinator plastprosjekt 100% i 1-års engasjement. Om mogleg, avhengig av midlar inn, utvide med prosjekt og engasjement knytt til lågare ressursbruk og bruk av naturmaterialar, dvs resirkulering og gjenbruk fortrinnsvis av nedbrytbare materialar.

Vi har søkt eller planlegg å søke pengar frå: Vestland fylke, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, Handelens Miljøfond, Marfo, Miljødirektoratet, Naturvernforbundet sentralt.

Miljøpolitisk arbeid

Dei mest aktuelle politiske sakene fylkeslaget skal jobbe med, ved sida av å skrive høyringsinnspel og generelt sette miljøfokus:



Sak 1: Hindre gruvedumping i Førdefjorden

- Svare på alle høyringar og klage alle vedtak som vil øydelegge for livet i Førdefjorden, som inneber naturøydeleggingar og svekking av biologisk mangfald og økosystemtenester
- Arbeide politisk for å hindre vedtak som inneber at den reine Førdefjorden vert ein avfallsplass for gruvedrift
- Støtte opp om arbeidet for rettssak 18.sept, inkludert innsamling av midlar til kostnaden.
- Følge med på om arbeid på Engebø er i tråd med løyver og lovverk.
- Oppretthalde eit breidt samarbeidsnettverk og jobbe aksjonistisk, med arrangement m.m.

Sak 2: Hindre vindkraftindustri i verdifull og sårbar natur, på land og hav.

- Svare på høyringar og klage på alle vedtak som inneber naturøydeleggingar og svekking av biologisk mangfald og økosystemtenester.
- Bremangerlandet og Snøheia er blant aktuelle saker.
- Hindre bygging av kystnær havvind og kreve meir informasjon om miljøkonsekvensar av havvind.
- Oppretthalde eit breidt samarbeidsnettverk og jobbe aksjonistisk, med arrangement m.m.

Sak 3: Sette fokus på biologisk mangfald og naturverdiane vi har.

- kartlegging av biologisk mangfald
- lage kortfilmar om Førdefjorden m.m.
- skrive høyringsbrev og lesarbrev for å påverke opinionen
- Arrangere NaTur-turar om biologisk mangfald.

Sak 4: Plast og marin førsøpling

- Halde fram og vidareutvikle prosjektet Plastjakten Sogn og Fjordane, pedagogisk / praktisk
- Sikre bidrag til regional trekning for Kystlotteriet
- Bidra til å ansvarleggjere og sikre opprydding av avfall vi kan spore eigar av
- Arrangere strandryddingar med lokallag og frivillige
- Styrke satsinga for redusert bruk av plast, opp mot bedrifter og næringsliv
- Kampanje «Plastfri jul»

Sak 5: Arbeide for å stanse areal- og artstapet

- Arbeid opp mot partia og kommunane for å ta stans i areal- og artstap inn i planer og verksemd.
- Jobbe for fleire verneområder og nasjonalparker
- Jobbe for å hindre inngrep i elvemunningar, strandsona og marine økosystem

Sak 7: Arbeide for sirkulærøkonomi, redusert forbruk og miljøvenleg kvardag

- Utarbeide eige prosjekt på reparasjon, gjenbruk og sirkularitet
- Om økonomisk mogleg, opprette ei engasjementstilling vedr sirkulærøkonomi, evt. utvide prosjektstillinga mot dette arbeidet.



- Igangsette prosjekt og aktiviteter, f. eks workshop for møbelfiksing/møbelbytte og inngå samarbeid med aktører, initiere nettverk, som driv med gjenbruk og sirkulærøkonomi.

Sak 8: Kommune- og fylkestingsval sept 2023

- Arbeid mot partia for å sette miljøraker på dagsorden
- Lage valgguide vedr miljøraker
- Arrangere valdebatt (ar) om Naturkrise, Førdefjorden, Snøheia m.fl saker.

,

